



Særmøte med frviljuge lag og organisasjonar

Medverknadsmøte 28.november

Innholdsliste

Møtereferat.....	3
Skildring av møtet.....	3
Frivillighetens betydning.....	4
World Café.....	4
Digital spørjeundersøking.....	12
Bilde frå verkstedet.....	13

Møtereferat frå innbyggjarverkstad for frivillige lag og organisasjonar i Valle kommune 28. november

I høve til utarbeidinga av ny kommuneplan, samfunnsdel, arrangerte Valle kommune ein innbyggjarverkstad retta mot det frivillige lag- og foreningslivet. Møtet fann stad i Sæbyggjen den 28. november kl 19, og hadde god oppslutning med representantar frå om lag 15 ulike organisasjonar.

Formålet med verkstaden var å innhente verdifull kunnskap og innspel frå dei frivillige om rolla deira i lokalsamfunnet, både i dag og i framtida. Kommunen hadde førebudd gruppearbeid med ein rekke sentrale tema knytt til frivillig verksemd.

I dei ulike gruppene vart det diskutert kva frivillighet eigentleg tyder for lagene, og kva for tilstand ein ønskjer om ti år. Det vart peika på at ein «perfekt» situasjon inneber eit tett og godt samarbeid med kommunen. Ein stad med gode møtestader og gode vilkår for rekruttering og inkludering vart trekt fram som særskild viktig for ei levedyktig frivillighet.

Det var ein fellas oppfatning blant deltakarane at inkludering er avgjerande for å tiltrekkje og halde på medlemmer og frivillige. Det vart lagt vekt på at kommunen bør arbeide med å kartlegge eventuelle hindringar som kan stoppe folk frå å engasjere seg.

Eit klart signal frå verkstaden var eit ønske om at kommunen i enno større grad må ta ein aktiv rolle som tilretteleggjar for det frivillige arbeidet. Dette gjeld både praktiske tilretteleggingar og ei samarbeidsmodell der partnere møtest på lik fot.

Kommunen er svært nøgd med responsen og det engasjementet som vart vist under møtet. Den breie deltakinga og det høge aktivitetsnivået gjev ei rik kjelde med nyttig kunnskap som vil forme arbeidet med kommuneplanen vidare.

Den frivillige innsatsen vert understreka som eit avgjerande grunnlag for eit levande lokalsamfunn, og som ei styrke som berre vil auke i betydning i åra som kjem.

Skildring av medvirkningsmøtet: Samtalearrangementet "World Café"

Møtet var organisert som ein «World Café». Dette er ein metode der deltakarane sit i små grupper ved ulike bord og arbeider med ei rekkje spørsmål. Etter ei tid byttar gruppene bord, slik at ideane og samtala vert flytt vidare og bygd opp på. Målet er å skapa eit levande og inkluderande samtalemiljø der alle kjem til orde.



Dette var dei fire spørsmåla som vart arbeidde med:

- **Tema 1: Møteplassar og samarbeid**
 - Korleis kan kommunen og frivilligheita jobbe betre saman?
 - Kva treng de frå kommunen – og kva kan kommunen forvente av dykk?
- **Tema 2: Rekruttering og deltaking**
 - Korleis kan vi få fleire med – barn, unge, eldre, nye innbyggjarar?
 - Kva hindrar folk i å delta?
- **Tema 3: Frivilligheit og inkludering**
 - Korleis kan frivilligheita bidra til fellesskap og inkludering i kommunen?
 - Korleis kan kommunen støtte dette?
- **Tema 4: Framtidsdraumen**
 - Viss frivilligheita i kommunen fungerer perfekt om ti år – korleis ser det ut?

Resultatet

Resultatet av denne samtalemodellen er ei rik og mangfaldig samling av innspel, idear og konkrete forslag frå deltakarane. Kvar gruppe la til nye tankar og bygde vidare på det som gruppa før dei allereie hadde skrive ned. Dette sikra at svara ikkje berre var talet på ei enkeltgruppe, men eit felles produkt.

Dei skriftlege resultata frå arbeidet med dei fire hovudspørsmåla kan sjåast under i bilete 2 til 7. Arkene inneheld altså tankar og forslag som har vorte utvikla og foredla gjennom fleire runder med gruppediskusjonar. Desse vil danne ei viktig grunnlag for kommunen si vidare arbeid med å støtta og utvikla frivilligheten i åra framover.



TRØTEPLASSER OG SAMARBEID

- * Bruke aktivitetskalendaren - velkomstsenteret kontakte og ta initiativ
 - * Alle er like viktige - kommunen er ikke "viktigere" enn frivillige
 - * Lett system - alle kan legge inn spørsmål/hjelp til å bygge opp
 - * Spør til Bykle → lag og foreninger → foreningsportal
 - * Friskusappen → lag og foreninger også kunne om her
 - * Me treng økonomisk støtte og godt samarbeid
 - * Kommunen kan forvente av oss:
 - * Skaper aktivitet
 - * Møteplasser
 - * Bidrar til fysisk og psykisk folkehelse
 - * Integrering og folkehelse
 - * Ett mer attraktivt sted å bo
 - * Kommunen må legge grunnlaget/tilrett for turkøyper
 - * Kommunen må hjelpe å frakte aktivitetene i lag og foreninger
 - Foreningsportal - for all frivillighet ønskes. ^{linker til dess nettsider}
 - Spille på lag kommunen må engasjere seg i frivillighet
 - legge til rette for lagsdrift
 - møterom, Arenaer for de ulike lag lokaliteter som er tilrettelagt gratis leie til lag og organisasjoner.
 - Økonomi er veldig viktig
 - vise interesse.
 - kommunen bør ha full stilling for kultur/aktivitet koordinering for bygda.
 - Sammen får vi bygda til å vokse
 - kommunen burde investere i lokaliteter til bruk av frivillige lag i Børre felt, det vil gi bedre tilbud til hyttefolk også, samtidig mer synlighet for lokale lag.
-
- * Møteplass/møte mhm kommune og frivillige lag for å avklare forventninger og for god kommunikasjon. Info om hva kommunen kan bidra med til laga, men også hva kommunen kan forvente av laga (t.d. sende inn dato for arrangement, møter og aktiviteter)
 - * Endre måte å booke lokaler, BookUp funter ikke godt nok!
 - * Direkte kommunikasjon fra kommunen og ut til laga, ~~ikke~~

(Bilete 2: Møteplasser og samarbeid 1)



Frivilligheta må kome frå hjerta
til folk - kommunen kan ikke overstyre den
Men det kan vere godt med eit enkelt system
som driftast frå kommunen - tilbod/kontakt person/
tidspunkt mm
oversikt over arrangement, organisasjonsregister, info om lag/lær,
andre tilbod
legg til rette for ein felles arrangement der alle lag/organisasjon
presenterer seg ~~seg~~ b.d. under sauesjå/felles frokostdag i
sentrum
Frivillighetsrådet kan koordinere
Infotavler m/info om neste ukas aktive felar

(Bilete 3: Møteplassar og samarbeid 2)



REKRUTTERING OG DELTAKELSE

- Viktig å være inkluderende, imøtekommende og opplyst.
- Viktig med et bredt variert tilbud
- ~~med~~ markedsføring er viktig på ulike arenaer, SOME, Anit, Bygdnytt, Skjerve
Viktig at Valle kommune hjelper til med markedsføre lokale lag på kommunens sin nettside info side. Bredt info om de enkelte lag - Slik en kan se hva laga driver med og da lettere å få andre uterfra til å delta.
- Hva hindrer folk å delta, - Transport, ~~tidspunkt~~ Tidspunkt, økonomi, ikke føler seg inkludert. Ikke informasjon - Tidkreverne, For mye av andre aktiviteter - Manglende interesse - Man blir ikke spurt.
- Velkomst møte ^{lage} en brosjyre m/ info om alle lag/foreninger. ^{L som i Valle} ^{Skjerm ut vinduet} ^{alle aktiviteter som skal henge på ESSO, Sjøveggjen, Skulen, hallen + Rysstøl}
- Samarbeide mellom lag om arrangement, konserter, aktiviteter, Rysstøl kurs osv.
- For mykje aktivitet kan gjøre folk passive - "blir for mykje". Samle tilstelninger (samarbeide!) Bruke eksisterende arrangement bedre; Sausespisning, kulturreka, påskemarknad, ~~påske~~ fatteltag og fylle
- ut disse med flere ~~lag/foreninger~~ ~~og tilbud~~ tilbud fra ulike lag. ^{"Dette er for meg vanskelig i"} ^{den alle er ikke like} ^{→ viktig å stille for et tilbud som passer}
- Facebook er dårlig kommunikasjon ut - forsvinn/bjem ikke opp.
- Bruke aktivt bygdnytt og aktivitetskalender for fast og trygg kalender
- Satsing på faste arrangementer m/ bakgrunn i lokalmiljøet/tradisjon:
- Folkehusstikk, + dei som er nemme over - faste datoer/peker i året
- Informasjon og aktivitetstilbud på tross av kommunen -
- elsk tilbud i Bykle for alle guise/veier - spesialaktiviteter, fordi
- Krev transport
- Me må vere meir synleg - laga
- Lages lauterstøl som retta til eldre - Lages grupper/lausterstøl til bodd.
- Hindrer i å delta: ny, bær mangel på info, vanskelig å komme seg inn/tilgjengelighet for møte opp
- For å få barna med må foreldre med.
- Samkøyring til aktiviteter. Bruke kommunebilen til å hente barn/feldd for å få dei med på aktivitet. %

(Bilete 4: Rekruttering og deltakelse 1)



x Det viktigste er å behalde dei som allereie er med
i det frivillige.

x

FRIVILLIGE OG ORGANISASJONER

(Bilete 5: rekruttering og deltakelse 2)



FRIVILLIGHET OG INKLUDERING

- * Nyegenrasisme er dugnadsånden mye borte, derfor er det enda viktigere at kommunen støtter opp med økonomi og arbeidskraft.
- Er tilbød til innbyggjarane - ~~utan~~ med frivillighet ^{myr variert} ingen aktivitet!
- støtte frå kommunen: koordinere kalender og informere ut om alle tilboda til nye innbyggjarar og fastbuande ut. la frivillighetssentral som kan koordinere alt frivillig arbeid og lag. Avhengig av at alle lag bidreg med info inn til aktivitetsskalender.
- Å bidra til frivilligheten vil auke kjensla av tilhøyre til bygda samfunn og dei andre som bur her.
- Felles interkommunal kalender - Bygland - Valle - Bykle
- God tilgang på møteplassar (på tross av generasjonar)
- Bruke det nye kulturhuset!
- Skape tillegghet rundt nabdag - Grundehuset i bygdelene
- Viktig & bygge lokalt fellesskap (NE! BredtAcap!!)
- Støtte frå kommunen - informasjonskanalar som fungerer Enkel mediekanal som fungerer for alle
- Rüste opp grundehus, kommunen kan bidra med arbeidskraft Rüste opp Bassenget
- Frivilligeita ~~kan~~ bidrar til fellesskap og inkludering i kommunen med å lage gode arrangement, møteplasser og anna og ynder å bidra til god inkludering. Muligheter for å bidra med det de ønskar og kan bidra med. Gi muligheter til å få en sosial møteplass og fellesskap. Kommunen kan legge til rette med å fås stille med lokaler, eller fine lokaler. ~~kan~~
- Når nye folk kjem til bygda er det frivillige organisasjonar som eks Valle IL d. folk kjem er med å få dei inkludert i bygda. Som Kristin Lohne eller Kristine Kleirebøl
- oppgradering av bygg som vert bruka av frivillige lag (Kommunen kan bidra med tilskot og/eller arbeidskraft)
- Bygge Folkemusikk Senter.

(Bilete 6: Frivillighet og inkludering)



FRAMTIDS DRAUMEN

Rom for alle

Godt koordinert

gjennom en type kalender

- ehs. frivilligkoordinator

- Hus for frivilligheten ...

Positiv omtale



FORF-bygg

Løpsti

Redningsstasjon

- tilskudd til universell utforming av sentrale bygg i kommunen

Folkemusikk sentes
øvinger lokaliteter for
dans, spel, kleding

→ Infoside om all frivillighet
og aktiviteter gjennom
lenker til deres nettsider.

Kunstlokale

Godt lagring til vanlig drift.

Hylestad Solnehus SKAL ha eit stort uterom med bord og benker

Myske større markjerom

→ Gressfitt box

→ Hycle

→ Hyclepark

→ Sykkelpark

→ Klatrehall

→ Klatrehall/vegg

og tilsett koordinator for å ta
satsing på den immaterielle kulturarv
betalt av kommune, fylkeskommune
og departement. f. f. Rapport fra
Telemarkforskning

• God kommunikasjon mellom
kommune, lag og foreninger!

• Idemøter jevnlig for samarbeid

(Bilete 7: Framtidsdraumen)



Digital spørjeundersøking

Under møtet og fram til neste dag etter medvirkningsmøtet vart det gjennomført ei digital spørjeundersøking for å innhenta meir refleksive svar frå deltakarane. Undersøkinga vart distribuert via ein QR-kode, var open i eit døgn, og det kom inn fire svar.

Spørjeundersøkinga bestod av to svært opne spørsmål, der deltakarane fekk sjølv velje kor djupt dei ønskte å gå. Spørsmåla var:

1. Kva meiner du er det viktigaste kommunen bør ta vare på eller utvikle vidare for at frivilligheita skal ha gode vilkår i framtida?
2. Når du ser framover, kva behov, utfordringar eller mogleikheiter trur du blir viktigast for frivilligheita i kommunen dei neste ti åra?

Oppsummering av innkomne svar

Det kom inn fire svar på den digitale undersøkinga. Dette er for få til å kunne seia noko generelt eller trekkje ut nokon klare, felles hovudtendensar. Med eit så avgrensa tal svar kan ein ikkje sjå om desse meningane er representative for alle deltakarane eller for frivilligheita i heile kommunen. Dei enkelte innspela som kom inn er verdifulle i seg sjølv, men grunnlaget er for tynt til å leggje til grunn for større vurderingar.

Svara som kom inn, viser ein klår og felles forståing av kva som krevst for ei berekraftig frivillighet i kommunen. Tema som samarbeid, koordinering og anerkjenning går att i begge spørsmåla.

På det første spørsmålet, om kva kommunen viktigast bør ta vare på eller utvikle vidare, er hovudtydinga at den frivillige sektoren treng ein tydeleg og støttande partner i kommunen. Dette synest gjennom konkrete forslag som å etablere ein frivillighetssentral for koordinering og å vidareutvikle ein felles kalender. Ein slik sentral funksjon er sett på som naudsynt for å skape oversikt og samanheng i frivillighetslandskapet.

Like sterkt framhevar svara at kommunen må ta vare på det som allereie finst. Dette inneber å ta vare på dei frivillige laga, gi økonomisk støtte, og ikkje minst hjelpe til med å gjere eksisterande lag meir synlege. Her kjem også eit viktig etisk prinsipp fram: at samarbeidet må byggjast på respekt for andres formål og ei forvaltning prega av god dialog. Dette understrekar at frivilligheten ikkje ønsker å bli styrt, men anerkjend og støtta.

Når blikket rettast mot dei neste ti åra i spørsmål to, vert fokuset enda meir framtidsretta og handlingsorientert. Det sentrale målet er å få med fleire frivillige, og for å nå dette målet peiker svara på konkrete middel. Behovet for samlingsplassar og møtestader vert framheva som absolutt nøkkel for å skape levande fellesskap. For å nå ut til ulike grupper, er det eit tydeleg opprop om at kommunen må legge til rette for aktivitetar med ulikt innhold.



I tillegg viser svara ei regional tenking, der eit forslag om ein felles kalender med nabokommuner syner ei vilje til å sjå over grenser for å styrke frivilligheiten for alle. Økonomisk støtte og tilgang på lokaler vert også nemnt som grunnleggjande rammevilkår for at dette skal vera mogleg.

Samla sett teiknar svara eit bilete av ein frivillighet som er klar for framtida, men som treng kommunen som ein aktiv og lytande partner for å realisere sitt fulle potensial. Framtidsbiletet er eit inkluderande fellesskap der kommunen legg til rette gjennom koordinering, ressursar og synleggjering, medan den frivillige krafta skaper mangfaldet av aktivitetar som gjer kommunen til ei levande og triveleg stad å bu.

Bilete frå verkstedet

Under følgjer ei rekkje bilder som syner deltakarane i aktiv samtal under World Café-verkstaden. Bileta gir eit innblikk i arbeidsprosessen og engasjementet som var under møtet, samt arbeidsdokumnta.



